



Tokke kommune


Teknisk etat

# PLANPROGRAM

## PLANENDRING DEL AV REGULERINGSPLAN DALEN SOKNEHUSET OG SOKNEHUSTOMTA

Gnr/bnr 24/46

Areal: 1400 m<sup>2</sup>



BANDAKJORDET 2 A  
3880 DALEN

---

## INNLEIING

---

Soknehuset har ei lang historie på Dalen som skulestoge og seinare på femtitalet då huset vart bygd om til forsamlingshus. Soknehuset har vore nytta som kyrkjekontor, trygdekontor, arbeidskontor og ikkje minst som forsamlingslokale for lag og foreiningar.

Tokke kommune har hatt plan om avhending av Soknehuset som ein del av satsinga på kulturhuset. Det er utarbeidd prospekt og vore utlysing i trå med kommunestyrevedtak. Det har vore lite interesse for å utvikle område i trå med føremålet i reguleringsplanen. Dagens føremål er offentleg bebyggelse.

Dalen Hotell har no teke kontakt med kommunen og lagt fram ein plan for kva dei ynskjer å nytte bygget og tomte til.

---

## FØREMÅLET MED PLANENDRINGA

---

Teknisk utval vedtok 8/9-2011 byrje arbeide med å regulere om tomte i trå med ynskje frå Dalen Hotell.

Reguleringsendringa gjeng ut på å bygge om Soknehuset til leilighetar/hyblar. Dalen hotell ynskjer å nytte desse for egne tilsette.

Planarbeidet har som mål å avklare eventuelle konfliktområde knytt til denne endringa. Slike konfliktområde er mellom anna knytt til parkeringstilhøve, avstand frå fylkesveg 45, tilhøve til grannar osv.

---

## TRONG FOR UTGREIINGAR

---

Tokke kommune har mellombels følgjande plan for utgreiingar:

1. Avklare tilhøve mot Statens vegvesen – avstandskrav frå Fv45. løysing med byggetekniske tiltak for reduksjon av støy mm.
2. Avklare trongen for antal biloppstillingsplassar – vurdere ulike alternativ for å løyse utfordringa med parkering.
3. Trafikktryggleik – for mjuke trafikkantar, siktsoner mm.

---

## SIKRE MEDVERKNAD OG IVARETA PRIVATE OG ÅLMENNE INTERESSER

---

Tokke kommune har følgjande plan for å sikre medverknad i planprosessen:

1. Varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn
2. Varsle grannar, grunneigarar og andre bebuarar i område med brev og eventuelt folkemøte.
3. Kunngjering av reguleringsarbeidet i trå med plan- og bygningslova.
4. Sikre born, unge og mjuke trafikkantar sine interesser i høve trafikktryggleik. Trafikktryggleiksansvarleg i kommunen vil saman med Statens vegvesen og Trygg trafikk gjennomgå eventuelle endringar og vurdere trongen for tiltak.

Varslingsliste:

1. Fylkesmannen i Telemark
2. Statens vegvesen i Telemark
3. Telemark fylkeskommune
4. Renovest DA
5. Vest telemark brannvernsamarbeid
6. Bandakjordet vel
7. Bebuarar på Bandakjordet
8. Filadelfia
9. Grannar